

MEDLEMSINFORMASJON AUGUST 2011



Då var plutselig kvardagen her igjen..... Vi i styret håpar alle har hatt ein flott sommar, og at de alle er klare for ein ny, spennande og kreativ haust!!

Vi startar opp torsdag 25.08 med ”vanleg torsdag”. Vi håpar du tek turen ned anten med handarbeid eller berre ein tur for å bli inspirert og ein kaffikopp.

Styret har planlagt hausten og desse datoane kan du krysse ut i kalenderen din;

8.9 Vi syr toalettveske

Mange har sagt at dei vil sy toalettveske. Vi er enno ikkje heilt sikre på kva modell det vert, men det kjem bilete på nettsida vår når det er klart

Her må vi ha påmelding til Tove innan 01.09 på toveherl@online.no

29.9 Medlemskveld

Septembergruppa har ansvar, meir info kjem

13.10 Temakveld ved styret

Ikkje alt er klart enno, men føl du med på kreativiteten.no og i innboksen på mailen din så får du snart vite meir.

27.10 Medlemskveld

Oktobergruppa har ansvar

10.11 Vi har invitert Gunvor Aase Gambo til å ispirere/lære oss å lage pynt av naturmaterialer. Dette blir eit flott høve til å få hjelp med ein ny dørkrans eller anna adventspynt.....

24.11 Medlemskveld

Novembergruppa har ansvar

27.11 Julebutikken opnar!!!

Vi i styret kan ikkje legge ut navn og tlf.nr til alle medlemmene våre på heimesida, dette fører til at **kvar og ein av medlemmene våre må ta seg turen ned i Kreativiteten og sjekke listene både for vasking og medlemskveldar.** Vi er avhengige av at alle gjer sin innsats for at vi skal få til å arrangere ulike aktivitetar. Difor vert det frå september av slik at dersom du ikkje kan vaske eller vere med å arrangere medlemskveld, har du sjølv ansvaret for å byte med ei anna. Dette gjer at det vert ei lik fordeling på dugnadsarbeidet til alle medlemmene våre.

Dei som er interesserte i å vere med på dukkekurs i haust må ta kontakt med Tove på toveherl@online.no. Det er viktig at dei som melder seg på vert med på kurset.

VI ER NO PÅ FACEBOOK!!!!

Vi jobbar med å endre nettsida vår, vi vil at det skal vere lettare å sjå kva aktivitetar vi skal ha. De må berre ha litt meir tolmod med oss.....

Då håpar vi at vi har mange kjekke kveldar å sjå fram til i den koselege bua vår i haust!!!!

Styret

